



Olav Fykse Tveit

CURRICULUM VITAE:

Personlige opplysninger:

Adresse: Emilies v 6, 1430 Ås
Stilling: Generalsekretær, Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja
Født: 24. november 1960
Sivilstand/familie: Gift, 3 barn

Utdanning og ordinasjon:

Hallingdal gymnas 1979
Cand.theol. MF vår 1986, praktikum MF vår 1987
Dr. theol. MF 2002
Ordinert til prest i Haram kyrkje av Møre biskop 1988

Arbeidserfaring:

Eittåring Norges kristelige student- og skoleungdomslag 1979-80
Somarvikar som prest i Gol 1982, Nes og Flå 1983, som journalist i Vårt Land 1988
Feltprest Sessvollmoen 1987-88
Sokneprest i Haram, Møre bispedømme 1988-1991
Konsulent og førstekonsulent for Mellomkyrkjeleg råd, teologiske spørsmål, 1991-1996
Forskningsstipendiat Norges Forskningsråd, tilknyttet Menighetsfakultet, 1996-2001
Sekretær for Lærenemnda 1999-2000
Sekretær for Kyrkje-stat utvalet oppnemnd av Kyrkjerådet (Bakkevigutvalet) 2001-2002
Generalsekretær Mellomkyrkjeleg råd 2002-

Tillitsverv:

Redaktør Ung Teologi 1985-1986
Medlem eksekutivkomiteen for Leuenberg kyrkjefellesskap 1994-2001
Medlem styret og arbeidsutvalet i Norges kristne råd 2002-
Varamedlem og styremedlem Kirkens Nødhjelp 2000-2005
Medlem arbeidsutvalet for Samarbeidsråd for Menighet og Misjon 2005-
Medlem Faith and Order Plenary Commission, Kirkenes Verdensråd, 2007-
Medlem Kirkenes Verdensråd Core Group for Palestine-Israel Ecumenical Forum 2007-
Medlem i styret for Oslokoalisjonen for tros- og religionsfrihet 2003-2006
Leiar av dialoggruppa mellom Islamsk råd Norge og Mellomkyrkjeleg råd

Utgitte publikasjoner:

- 'Ein forsona Gud?' i *Ung Teologi* 3/88, s. 31-47
 - Fleire artiklar i: Rolf Tofte (red): *Snart enige? Glimt fra samtaler mellom ulike kirkesamfunn*. Oslo 1992
 - Ole Chr Kvarme/Olav Fykse Tveit (red): *Evangeliet i vår kultur*. Oslo 1995
 - 'Den offisielle handsaminga av Porvoo-dokumentet i Den norske kyrkja' i *Tidsskrift for Teologi og Kirke* 66, 2/1995 s. 129-146
 - "Du ska' få en dag i mårå". Rettferdiggjering av tru – kva tyder dette sentrale lærepunktet for oss i vår tid? (foredrag Hamar bispedømme), i *Luthersk kirketidende* 133 21/1998, s. 552-561.
 - 'Eine Kirche von Norwegen, aber nicht von Europa?', i H.J:Luibl/C.R. Müller/H.Zeddies: *Unterwegs nach Europa. Perspektiven Evangelischen Kirchen*, s. 62-68, Frankfurt am Main 2001
 - *Mutual Accountability as Ecumenical Attitude. A Study in Ecumenical Ecclesiology Based on Faith and Order Texts 1948-1998 (dr.avh.)*, Oslo 2001
 - 'Who defines who we are?' i *Tidsskrift for teologi og kirke* 73, 3/2002, s. 233-240
 - 'Same kyrkje – ny haldning? Om gjensidig ansvar som premiss for ei ny ordning for Den norske kyrkja.' i *Kirke og kultur* 107, 4/2002 s. 323-337
 - 'John 17 and the Unity of Believers. A Prayer for Unity through Relations' i *Tidsskrift for teologi og kirke* 74, 1/2003, s. 3-20
 - 'Ecumenical Attitudes as Criteria for Ecumenical Relations' i *International Journal for the Study of the Church* 4, 2/2004 s. 157-171
 - *Ei vedkjennande kyrkje*. Hovudforedrag på Kyrkjemøtet 2004, Oslo 2004
 - 'Homofilisaka i ei økumenisk og open folkekyrkje' i *Kirke og kultur* 111. 3/2006, s. 369-378
 - 'Rom for Den Andre' (foredrag semesteropning MF) i *Luthersk kirketidende* 4/2007, s. 108-113
 - 'Er konsensus mogeleg i homofilisaka?' i *Ung Teologi* 4/2007, s. 5-23
- Elles fleire kronikkar, debattinnlegg og bokmeldingar i *Vårt Land*, *Aftenposten*, *Luthersk kirketidende* og andre aviser og tidsskrift om økumenikk, etikk, religionsdialog og andre kyrkjeleg relaterte emner.

Annet:

Sekretær med hovudansvar for redigering og skriving av desse kyrkjelege utgreiingane og rapportane:

- *Mer enn gener. Utredning om bioteknologi og menneskeverd*. Av en arbeidsgruppe oppnevnt av Kirkerådet. Oslo 1989
 - *Nådens fellesskap*. Rapport fra samtalen mellom Metodistkirken i Norge og Den norske kirke. Oslo 1994
 - *Kristent fellesskap?* Rapport fra en arbeidsgruppe under Mellomkirkelig råd, (saman med Ingrid Vad Nilsen og Einar Tjelle), Oslo 1995
 - *Tunsberg-saken*. Uttalelse fra Lærenemnda, Oslo 2000
 - *Samme kirke – ny ordning*. Innstilling fra Kirkerådets kirke/stat-utvalg. Oslo 2002
- Delegat eller rådgjevar frå Den norske kyrkja på generalforsamlingar i Conference of European Churches (1992 og 2003), Kirkenes Verdensråd 2006, Leuenberg kyrkjefellesskap 1994 og 2001, Det lutherske verdensforbund 2003, European Ecumenical Assembly III 2007 og ein del andre økumeniske møter.

Svar fra Olav Fykse Tveit på spørsmål stilt av Nidaros bispedømmeråd

1. Hva vil du legge mest vekt på med tanke på å styrke bispedømmets menigheter som tros- og omsorgsfellesskap?

Før eg kan svare skikkeleg på det, må eg jo lære kyrkjelydane betre å kjenne. Men det kan vel i seg sjølv verte ei støtte om ein opplever at ein biskop vil sjå og forstå kva utfordringar ein har lokalt.

Eg vil legge mykje vekt på at vi må arbeide med innhaldet i trua, i møte med utfordringane i vår tid, i kyrkja og i samfunnet. Vi må få fram rikdomen i den felles arven som er gjeve oss i Skrifta og den kristne trua. Som prest i utkantstrøk lærte eg noko om at det er viktigare å fokusere på innhald enn på tal. Om budskapen ikkje kan formidlast truverdig til den eine, vert han heller ikkje meningsfull for dei hundre. Å kalle kyrkjelydane "trus- og omsorgsfellesskap" får fram den viktige samanhengen mellom innhald og haldningar, mellom lære og liv. Den som trur at ein er elska, elsker. For at trua skal vere til glede og inspirasjon til eit liv i nestekjærleik og fellesskap, må evangeliet om Jesus Kristus forkynnast klårt og reint. Eg vil leggje stor vekt på at det pregar alt som skjer i kyrkja, og oppmuntre til at kyrkja gjev menneske eit rom og eit språk dei kan kjenne oss heime i.

Vi må arbeide målbevisst for å sikre at vi har ressursar som trengst for å drive kyrkje lokalt, både medarbeidarar og økonomi. Eg trur generelt det hadde vore godt for kyrkja om vi hadde fleire diakonistillingar og fleire som arbeider med trusopplæring.

Alle har noko viktig å bidra med i kyrkja. Det er jo i møtet mellom oss og når vi gjev av oss sjølve, at det vert eit fellesskap i kyrkjelyden og i lokalmiljøet.

Vi må gi stor plass til barn og unge i kyrkja, og møte dei der dei er. Dei er både dagens og framtidens kyrkje. Dei må både få lære og vere seg sjølve i møte med kyrkja. Rekruttering krev at ein vert teken på alvor.

2. Hva vil du legge mest vekt på for å fremme kirkens rolle som verdibærer i samfunnet?

Kyrkja formidlar nok verdiar best når ho nettopp er kyrkje. Difor vil eg leggje vekt på at vi skaper verdiar i samfunnet når vi tek folk på alvor der dei er lokalt. Talen om verdiar må ikkje verte abstrakt. Det er i dei daglege oppgåver og prioriteringar verdiane våre kjem til uttrykk, enten vi er politikarar eller medborgarar. Det er der vi viser om vi har rom for dei andre. Menneskeverd er ikkje berre eit prinsipp, det må vere noko som kan erfarast som ein realitet.

Eg vil gjerne bidra til at kyrkja fører dei viktigaste spørsmåla opp på dagsordenen i samfunnet. Det kan vere like viktig å spørre godt som å svare riktig. Kyrkja skal vere politisk relevant ved å peike på dei lange linjene, at vi er avhengig av naturen og har ansvar for ei felles framtid. Eg vil fokusere på korleis vi utviklar trygge og gode relasjonar i våre nære relasjonar, og at vi er ein del av ei stor verd der menneske treng håp og rettferd. Som kyrkje kan vi tale sant om livet, og vere kritiske når det trengst, utan å oversjå eigne feil. I møte med klimakrisa må kyrkja - saman med alle menneske av god vilje – gi mot til å gjere dei endringar som trengst.

Kyrkja er sjølv kulturformidlar, og vi skal møte kunst og kultur med eit ope sinn for alt som er godt, sant og rett. Mitt verdisyn er sidan gymnastida vorte forma mellom anna av skildringa av kampen for rettferd og kjærleik i Falkbergets romanar om An-Magritt.

3. Hva vil du legge mest vekt på i ledelsen av prestedtjenesten og i det samspillet som biskopen skal ha med prostene i dette arbeidet?

Personal er den viktigaste ressursen i kyrkja, og må takast godt vare på. Når det er stor kompetanse hjå medarbeidarane, må dei kjenne at dei har stor tillit, klare rammer og sjølvstendig ansvar. Men vi må kjenne at vi står saman om oppgåvene. Som leiar må eg vise veg og gje mot til å gå vidare. Eg vil leggje vekt på respekt for kvarandre sitt arbeid, og at vi får brukt det beste hjå kvarandre. Det gjeld mellom prestekollegaer og mellom dei ulike tenestegruppene i den lokale kyrkelyden.

Det er viktig at dei nye ordningane for delegasjon av oppgåver innan biskopens ansvarsområde fungerer godt. Biskopen er berre éin person og difor avhengig av samarbeidet med andre. Ordningar må vere tydelege og forståelege for alle partar, slik at ein har så klare rammer som råd. For biskopen gjeld det særleg i samarbeidet med prostane og bispedømmeadministrasjonen. I Nidaros er det mange med mykje erfaring som eg må kunne lære mykje av.

Generelt vil eg leggje vekt på at den einskilde prest kjenner at ein har støtte og får tydelege nok signal frå prost og biskop, og at biskopen i samspelet med prostane finn vegar framover saman for presteskapet.

Det bør vere triveleg å arbeide i kyrkja. Eg er overtydd om at vår evne til å utføre åndeleg arbeid heng saman med korleis ånd, sjel og lekam fungerer saman. Det må vere tid til å fordjupe seg i truskjeldene, til å bygge gode relasjonar og til å ta vare på kroppen. Ein skitur hjelper for det meste.

4. Hvilke visjoner vil du ha og hvilke hovedutfordringer ser du for deg for Nidaros bispedømme - i den sammenheng også utfordringer knyttet til sørsamisk kirkeliv?

Dei mange gode linjene som er lagt i arbeidet i Nidaros bispedømme må vidareførast, ved å styrkje både den solide folkekyrkjetradisjonen og den gode interessa for å dele evangeliet gjennom misjon. Eg er oppteken av at vi i kyrkja vår og i det økumeniske arbeidet må ta imot kvarandre og stå saman om oppdraget vi har. Eg trur Nidaros har hatt og kan ha ei oppgåve å verke forsonande i kyrkja. Pilgrimane kom og kjem til Nidaros også for å verte heile menneske. Å vere eit kyrkjeleg sentrum har berre meining om det er til nytte og glede for andre. Nidaros har ei rolle i det økumeniske, internasjonale og interreligiøse arbeidet som eg gjerne vil vere med på å føre vidare med mine erfaringar frå det arbeidet eg no har for Mellomkyrkjeleg råd. Kanskje den breie olsokfeiringa i Nidaros kan få preg av felles kyrkjedagar for heile landet, med inviterte økumeniske og internasjonale gjester til seminar og gudstenester?

Nidaros har historie og symbol som har vore viktige for å samle nasjonen. Det gjeld for kyrkja å forvalte tradisjonane knytt til Stiklestad og Nidarosdomen på ein måte som gjev meining og som framleis skaper gode band mellom konge, nasjon, folk og kyrkje. Også i ei tid med større mangfald og eventuelt nye ordningar for desse relasjonane.

Med særleg ansvar for sør-samisk kyrkjeliv må Nidaros bispedømme arbeide for gode vilkår og ressursar for dette, slik at den sør-samiske befolkninga kan utvikle sitt eige kyrkjeliv og vere ein del av fellesskapet i heile bispedømmet. Eg vonar biskopen kan vere ein nyttig samtalepartner i dette landskapet.

Frå min oppvekst i Åfjord i Trøndelag veit eg at det kan vere langt mellom det store tyngdepunktet i ”byn” og distrikta. Det kan nok vere ei utfordring også for bispedømmet. Når visjonar skal utviklast, må vi sjå kvarandre og vi må sjå framover saman.